

**FURUHAUGEN BURETTSLAG, NORDGARDSHAUGEN, GNR 23, BNR 389 I
MELAND KOMMUNE**

Referat frå styremøte.

Det vart halde styremøte i burettslaget den 13.03.2019, i bustaden til Gunnhild Sagstad.

Desse møtte: Johannes H. Fosse, Gunnhild Sagstad, Klara Mongstad og Roald Bjørndal

Sak 1 Rekneskap for året 2018

Det ligg føre framlegg til rekneskap for 2018, oversendt frå revisor.

Vedtak: Styret rår til at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.
Rekneskapen vert å leggje fram for årsmøte.

Sak 2 Budsjett for 2020

Det ligg føre framlegg til budsjett for 2020, utarbeidd med bakgrunn i tidligare utarbeidd langtidsbudsjett (likviditetsbudsjett) for perioden 2014-2025. Styret drøfta dei enkelte postar i budsjettframlegget.

Vedtak: Styret rår til at framlegg til budsjett vert godkjent slik det ligg føre , og vert å leggja fram for årsmøtet.

Sak 3 Tid for årsmøte i burettslaget

Vedtak: Tid for årsmøtet vert sett til fredag 10.05.2019, kl. 11.00 i bustaden til Gunnhild Sagstad, Nordgardshaugen 9D.


Roald Bjørndal

Styreleiar